

Grunnskule

Kostradokument nr. 4

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under grunnskule - området**

Grunnskule – økonomisk oversikt 2007 - 2009

Tenester	Tekst	Netto utg Rek-07	Netto utg Rek-08	Br. utg. Bud-09	Inntekt Bud-09	Fond Bud-09	Netto utg Bud-09
20200	Undervisning grunnskule	72 146	76 747	86 084	-4 576		81 508
20210	PPT - grunnskule	2 221	2 621	3 570	-525		3 045
202	Grunnskule	74 366	79 368	89 654	-5 101		84 553
21300	Vaksenopplæring - Spes.ped.avd	2 038	1 921	2 347	-42		2 305
21305	Vaksenopplæring, grunnopplæring	53					
21310	Vaksenopplæring framandspråklege	246	688	2 920	-1 499	-64	1 357
21320	PPT – vaksenopplæring	94	63	151	-1		149
21350	Drift og tilsyn av lokale til vaksenopplæring	73	122	37	-5		32
21352	Vedlikehald - vaksenopplæring	2	7				
21355	Reinhald av lokale til vaksenopplæring	2					
213	Vaksenopplæring	2 508	2 800	5 454	-1 548	-64	3 843
21500	Skulefritidstilbod (SFO)	1 378	1 431	3 543	-1 834		1 709
215	Skulefritidstilbod	1 378	1 431	3 543	-1 834		1 709
22200	Drift og tilsyn av skulelokale	7 381	8 095	13 232	-770		12 462
22202	Vedlikehald og ombygging av skulelokale	660	815	1 947	-1 249		698
22203	Nybygg og utvikling av eksisterande skulelokale	4 219	760	653	-5 011	5 000	642
22205	Reinhald av skulelokale	5 819	6 278	7 171	-190		6 982
22210	Skuleskyss	1 640					
222	Skulelokaler	19 721	15 948	23 003	-7 219	5 000	20 784
22300	Skuleskyss		1 588	2 322	-172		2 150
223	Skuleskyss		1 588	2 322	-172		2 150
38300	Kvam kulturskule	3 468	4 219	6 693	-1 330		5 363
383	Musikk- og kulturskular	3 468	4 219	6 693	-1 330		5 363
Grunnskule		101 442	105 354	130 669	-17 204	4 936	118 402

Kostnader fordelt på stad – budsjett 2009.

Stad	Stad (T)	Vaksen					Totalt
		Grunn skule	-opplæring g	SFO	Skule lokale.	Skule -skyss	
1221	Ålvik skule	5 467		131	2 368		7 966
2222	Øystese barneskule	15 961		545	2 755		19 261
2223	Øystese ungdomsskule	10 286			3 904		14 190
2270	Merwyn-bygget		3 646		42		3 688
3221	Norheimsund barneskule	10 624		411	1 208		12 243
3222	Norheimsund ungdomsskule	10 461			1 563		12 025
3223	Steinsdalen skule	3 624			304		3 928
3224	Vikøy/Aksnes skule	3 886		164	268		4 318
3225	Tørvikbygd skule	3 407		148	859		4 414
4221	Strandebarm skule	12 246		166	4 461		16 873
8000	Fellesutgifter	3 743	30	73	2 585	2 150	13 671
8240	PPT - kontor	3 043	149				3 192
8290	Kvam kristne skule (KKS) *	300					300
99999	Div.	1 504	18	72	467	272	2 333
Totalt		84 553	3 843	1 709	20 784	2 150	118 402

*Merknad: Skuleskyss for KKS ligg på fellesutgifter.

Kommentar: Tabellen er ein illustrasjon på storleiken av dei ulike skulane.

Oversikt over rammeområdet

Grunnskule

Dette rammeområdet har 6 funksjonar og 13 aktive tenester i 2009.

Funksjonane er:

202	Grunnskule
213	Vaksenopplæring
215	Skulefritidstilbod
222	Skulelokale
223	Skuleskyss
383	Musikk og kulturskular

Brutto utgift i 2009 er budsjettert til 130,7 mill. kr. og ei netto ramme 118,4 mill. kr. Det utgjør om lag 23 % av samla brutto utgifter i heradet.

KOSTRA - samanlikning 2008

D. Grunnskuleopplæring - nivå 2		Grupper.	Gj.snitt
Nokre utvalte nøkkeltal	Kvam	11	landet
Prioritering			
Netto driftsutgifter i % av samla netto driftsutgifter i kommunen	27,6	28,2	28,9
Brutto investeringsutgifter per innb.	15 283	1 526	2 278
Timar spesialundervisning i % av tall lærartimar totalt	21,8	15,6	18,3
Dekningsgrader			
Tal elever i 1.-3. årstrinn i % av tall elever i 8.-10.	84,4	95	87,4
Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, %	12,3	7,0	8,4
Del innbyggjarar 6-9 år i kommunal og privat SFO, %	33,6	59,5	47,3
Produktivitet / enhetskostnader			
Lønnsutgifter til grunnskule, per elev	75 213	61 813	66 042
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev	1 189	1 792	1 914
Overgang til vidaregåande skule	99,22	95,92	96,62

Funksjon 202 Grunnskule

Denne funksjonen har 2 tenester.

20200 Undervisning grunnskule

20120 PPT – grunnskule.

Teneste 20200 Grunnskule

1. Økonomi

20200 – Undervisning grunnskule

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	71 660	74 145	77 368
herav fast løn (konto 10100)	51 208	53 877	55 236
Varer og tenester til eigenproduksjon	4 410	4 750	4 157
Tenester som erstattar eigenproduksjon	254	1 197	793
Overføringar til andre	983	596	870
Finansutgifter	2 557	2 006	2 897
Sum utgifter	79 864	82 693	86 084
Salsinntekter	0	-0	0
Overføringar med krav til motyting	-7 265	-5 311	-4 526
Overføringar utan krav til motyting	-63	-50	-50
Finansinntekter	-426	-585	0
Sum inntekter	-7 754	-5 946	-4 576
Netto utgiftsramme	72 111	76 747	81 508
Sum løn i høve sum utgifter	89,7 %	89,7 %	89,9 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 76,7 mill. kr. Dette er 4,6 mill. kr. (6,4 %) meir enn i 2007, fordelt på 2,8 mill. kr. i auka utgifter og 1,8 mill. kr. i lågare inntekter.

Budsjett for 2009 viser at tenesta har ei brutto utgift på 86,1 mill. kr. og inntekter på 4,6 mill. kr. slik at nettoutgifta for heradet er 81,5 mill. Netto utgiftsramme er såleis 4,7 mill. kr. høgare enn faktisk forbruk i 2008. Utgiftene dekkar bl.a. all løn, skulebøker og anna skulemateriell, kurs, telefon, IKT – lisensar og drift av kontormaskiner. Vidare dekkar utgiftene kjøp av tenester hjå andre kommunar (gjesteelevar) og kommunale driftstilskot (Kvam kristne skule). I utgiftene ligg også avskrivningar (finansutgifter) med 2,9 mill. kr.

Inntektene gjeld øyremerka tilskot frå staten (0,3 mill. kr.), refusjon for sjukeløn og fødselspengar (2,6 mill. kr.), refusjonar og overføringar frå andre kommunar (1,1 mill. kr.). Skilnaden mellom 2007 og 2008 er m.a. sjukelønsrefusjon og fødselspengar (1,1 mill. kr.) og øyremerkte tilskot (0,8 mill. kr.).

Dei øyremerka tilskota frå staten gjeld Kunnskapsløftet, Grønt i skulen og Den kulturelle skulesekken og skal dekkja deler av dei utgiftene heradet har til desse prosjekta.

2. Aktivitet

Opplæringslova § 1-1. Formålet med opplæringa: *Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

Grunnskulen er ei lovpålagt teneste.

Elevtalsutvikling i skulane i Kvam 2006 - 2010				
Skuleår	2006-2007	2007-2008 *(1)	2008-2009	2009-2010
ÅLVIK barneskule	47	48	52	46
ÅLVIK ungdomskule	12	15	15	*(2)
FYKSE	22			
ØYSTESE BS	235	266	237	230
NORHEIMS. BS	175	176	167	189
STEINSDALEN	51	45	45	51
VIKØY/AKSNES	47	46	47	41
TØRVIKBYGD	54	47	44	47
INNSTRANDA	28	20		
STRANDEB.	104	125	171	170
OMA	23	24		
MUNDHEIM	18			
ØYSTESE US	130	126	145	
NHS US	178	170	150	
KVAM UNGDOMSSKULE	(308)	(302)	(295)	274
SUM	1124	1108	1073	1048

* (1)Kvam Kristne skule vart oppretta
* (2) Ungdomsskuletrinnet i Ålvik vart flytta til Kvam ungdomsskule

3. Endring av aktivitetar

Rett før oppstart av nytt skuleår august 2009 har det kome uførutsett auke i driftskostnadar:

- Ny klassedeling i Ålvik skulekrins grunna tilflytta nye elevar (jmf. delingstala på klassar, gitt av Stortinget). Dette gjev ein auke på om lag eit årsverk.
- Nye krav (11 t/v m. pedagog) som ekstraressurs (august 2009).
- Nye ekstratimar (11 t/v assistent) grunna endring i åtferd.
- Oppretting av SFO i på Steinsdalen skule grunna auka etterspurnad.

Desse punkta er innmeldt til 2. tertialrapport og vert budsjettjustert i september.

Lærebøker: Det trengst ein oppjustering av lærebøker då det er ikkje teke høgd for dette i budsjettet for 2009 og økonomiplanen. Budsjettet bør aukast med minimum 0,5 mill. kr., dvs. til same nivå som i 2007.

IT: Skuleåra 06/07 og 07/08 investerte skulen i datamaskinar til lærarar og elevar. Avskrivninga på desse maskinane er 3 – 5 år, både økonomisk og fysisk. I 2009 er det ikkje budsjettert med utskifting av desse maskinane. Dette medfører at talet på datamaskinar minkar inneverande budsjettår. For å oppretthalde eit minimum av datamaskinar bør skulen i framtida investere om lag 1,1 mill. kr. (187 stk. nye datamaskinar) pr. år. Eksamen for 10. trinn vert gjennomført på datamaskinar. Våren 2010 har ikkje kvammaskulen datamaskinar til å gjennomføre (lovpålagt) eksamen med mindre maskinparken vert oppgradert.

Kurs: På grunn av budsjettkutt i 2009, vart alle kursmidlar som ikkje var eksternt finansiert, trekt inn. Dette gjer det vanskeleg å vera oppdatert på metodikk og fag slik ein bør vera i skulen.

Oversikt over utviklinga i årsverk undervisning i Kvammaskulen 2006 – 2009

SKULEÅR	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10
SKULAR	Årsverk	Årsverk	Årsverk	Årsverk
ÅLVIK BS	5,11	4,73	5,14	5,29
ÅLVIK US	2,27	2,45	2,45	0,00
FYKSE	2,22			
ØYSTESE BS	19,27	20,70	20,56	21,09
NORHEIMS. BS	13,55	13,39	13,51	15,21
STEINSDALEN	4,93	3,88	4,21	4,87
VIKØY/AKSNES	3,88	4,22	4,93	6,15
TØRVIKBYGD	4,18	4,58	4,82	4,87
INNSTRANDA	2,94	2,22		
STRANDEB. BS	5,51	5,44	8,65	9,70
STRANDEB. US	6,09	7,33	7,65	7,91
OMA	2,91	2,84		
MUNDHEIM	2,25			
KVAM US				28,73
ØYSTESE US	12,14	13,23	15,32	
NHS US	15,06	16,91	14,75	
SUM	102,31	101,92	101,99	103,82

Skuleåret 08/09: Timetalet auka i småskulen – utgjør 1,5 årsverk i Kvam.

Skuleåret 09/10: Lærartettleiken auka i småskulen og fysisk aktivitet på mellomtrinnet – utgjør 4,8 årsverk.

Dette betyr at endringa av skulestrukturen har medført 4,79 færre årsverk i grunnskulen før barneskulane Norheimsund, Steinsdalen og Vikøy/Aksnes er samla i Norheimsund, sannsynlegvis frå hausten 2011.

Teneste 20210 PPT - grunnskule

1. Økonomi

20210 - PPT-GRUNNSKULE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 477	3 065	3 247
herav fast løn (konto 10100)	1 518	2 125	2 296
Varer og tenester til eigenproduksjon	427	346	291
Overføringar til andre	27	11	22
Finansutgifter	11	10	10
Sum utgifter	2 941	3 433	3 570
Salsinntekter	-12	-53	-15
Overføringer med krav til motytelse	-709	-759	-510
Sum inntekter	-721	-812	-525
Netto utgiftsramme	2 221	2 621	3 045
Sum løn i høve sum utgifter	84,2 %	89,3 %	90,9 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 2,6 mill. kr. som er 0,4 mill. kr. (18,0 %) meir enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser at tenesta har ei brutto utgift på 3,5 mill. kr. og inntekter på 0,5 mill. kr. slik at nettoutgifta er 3,0 mill. kr. Dette er ein auke i høve til faktisk forbruk i 2008 på 0,4 mill. kr. (16,2 %).

2. Aktivitet

- Utgreiing, testing, oppfylging av elev/familie.
- Støtte til foreldre
- Koordinering av ansvarsgrupper og rettleiingshjelp til tilsette i skulane for ca 300 klientar/brukarar.
- Psykologhjelp/samtaletilbod til ungdommar/familiar.
- Behandling/logopedhjelp til born/unge.
- Spesialpedagogisk hjelp til å gje elvane tilfredsstillande opplæring i skulen
- Kompetanseheving og oppfylging av born/familiar innan barn og psykisk helse

Det er stor auke i tilmeldte born 2009 i høve tidlegare år. Behovet er -utgreiing og sakkunnig vurdering i høve til retten til spesialundervisning.

PPTs arbeid med oppfylging/samarbeid av born/foreldre/lærarar gjennom året utanom arbeidet som sakkunnige må reduserast tilsvarande ny klientmengd.

3. Endring av aktivitetar

Kompetanseheving og organisasjonsutvikling i skule er lovpålagde oppgåver. Innan kompetanseheving må PPT komande skuleår særleg intensivera systemarbeidet innan områda

mobbing, åtferdsvanskar og to - språklege born i skulane i Kvam, i tillegg til eksisterande systemarbeid.

Innan organisasjonsutvikling må PPT særleg arbeida med organisering av spesialundervisning med fokus på interne kvalitetssystem på skulane.

Auke i tilvisning av fleire yngre born med samansette problem utan ein klår diagnose. PPTs faglege vurdering er at dette er utfordringar som krev god samordning og omfattande arbeid for hjelpetenestene.

Nyare testar/utgreiingsmateriale for kommunelogoped, psykolog innan lese/skrivevanskar, språk, afasi og evnetesting er ikkje lagt inn i budsjettet. Dette er PPT avhengig av for å gjera eit kvalitativt godt arbeid.

Funksjon 213 Vaksenopplæring

Denne funksjonen har 5 tenester;

- 21300 Vaksenopplæring – Spes.ped.avd.
- 21310 Vaksenopplæring framandspråklege
- 21320 PPT – vaksenopplæring
- 21350 Drift og tilsyn av lokale til vaksenopplæring
- 21352 Vedlikehald – vaksenopplæring.

Teneste 21300 Vaksenopplæring – Spes.ped. avdeling

1. Økonomi

21300 - VAKSENOPLÆRING - SPES.PED.AVD.

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 908	1 809	2 159
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 459</i>	<i>1 369</i>	<i>1 579</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	221	250	247
Overføringer til andre	8	7	8
Sum utgifter	2 137	2 066	2 414
Overføringer med krav til motytelse	-99	-145	-109
Sum inntekter	-99	-145	-109
Netto utgiftsramme	2 038	1 921	2 305
Sum løn i høve sum utgifter	89,3 %	87,5 %	89,5 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 1,9 mill. kr. som er 0,1 mill. kr. mindre enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 2,3 mill. kr. som er 0,4 mill. kr. meir enn rekneskapen i 2008 viser.

2. Aktivitet

Denne tenesta er lovpålagt med heimel i *Opplæringslova § 4A-2*. Tildeling av timar skjer ved enkeltvedtak som er basert på sakkunnig tilråding frå PPT.

Vårsemesteret 2009 gav Vaksenopplæringa – *Spes.ped. avdeling* undervisning til 37 elevar. Hausten 2009 får skulen 3 nye unge elevar og vil såleis gje undervisningstilbod til 40 elevar. Dei fleste elevane er mellom 20 – 50 år. Svært mykje av undervisninga er organisert som gruppetimar sidan tildelt ressurs er liten og søknad om opplæring er stor.

Tenesta omfattar spesial –og ekstraordinær/tilrettelagd undervisning. Ved denne type undervisning vert det utarbeidd ei sakkunnig vurdering og ein individuell opplæringsplan som igjen er grunnlag for enkeltvedtak om undervisningstilbod.

Undervisninga vil i mange høve vera tiltak som må koordinerast med andre tenester og tenesteytarar. Omfanget på undervisninga vil variera frå elev til elev, men alle tiltak skal vurderast/justerast minst ein gong i året. Undervisninga er tilpassa dei særlege behov eleven har etter tilråding frå PPT eller annan sakkunnig instans. Undervisninga føregår i stor grad på dagtid, men i nokre høve også på kveldstid. Opplæringa vert gjeve i skulen sine lokale, på arbeidsplass eller heime hos eleven.

3. Endring av aktivitetar

Vaksenopplæringa får 3 nye elevar hausten 2009. Dei har ikkje fått tildelt ekstra midlar og får såleis ei utfordring med å organisera eit tilbod om tilrettelagd undervisningstilbod til alle som søker vaksenopplæring.

Teneste 21310 Vaksenopplæring framandspråklege

1. Økonomi

21310 - VAKSENOPLÆRING FRAMANDSPRÅKLEGE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>	2 645 <i>1 751</i>	2 157 <i>1 635</i>	2 469 <i>1 759</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	390	527	414
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	0	0
Overføringar til andre	26	51	37
Finansutgifter	385	378	0
Sum utgifter	3 446	3 113	2 920
Salsinntekter	-23	-112	-25
Overføringer med krav til motytelse	-3 178	-2 313	-1 474
Finansinntekter	0	0	-64
Sum inntekter	-3 200	-2 425	-1 563
Netto utgiftsramme	246	688	1 357
Sum løn i høve sum utgifter	76,8 %	69,3 %	84,6 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,7 mill. kr. som er 0,4 mill. kr. meir enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser brutto utgifter på 2,9 mill. kr. og inntekter på 1,6 mill. kr. Dette gjev ei netto utgiftsramme på 1,4 mill. kr. som er 0,7 mill. kr. meir enn faktisk forbruk i 2008.

2. Aktivitet

Vaksenopplæringa – framandspråkleg avdeling gjev (skuleåret 2008/09) tilbod til om lag 35 elevar frå 10 ulike nasjonar. Elevane kjem frå svært ulike land og tilhøve og gjer det såleis i stor grad vanskeleg for undervisningspersonalet når det gjeld tilrettelegging av tilpassa undervisning. Skuleåret 2008/09 var det 2,83 årsverk fordelt på denne tenesta.

Undervisninga vert finansiert av eksterne midlar. For tida er det fleire tiskotsordningar som gjev grunnlag for undervisningstilbodet.

I tillegg til undervisninga som vert finansiert av stat/fylke, organiserte Vaksenopplæringa også betalingskurs for arbeidsinnvandrarar. I løpet av skuleåret har om lag 50 arbeidsinnvandrarar fått språkoppføringskurs på kveldstid.

3. Endring av aktivitetar

Retten til grunnskuleopplæring for vaksne er ei lovpålagt teneste (§ 4A-1). Lova gjev dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, retten til slik opplæring. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Skuleåret 2008/09 var det ingen søknader på dette området. Det må i komande budsjettår takast omsyn til dette.

Erfaring og evaluering etter dette skuleåret, syner at det er svært vanskeleg å undervisa i store grupper når elevane har liten eller ingen skulebakgrunn. Det vert såleis aktuelt å organisere i mindre grupper der det er lettare å tilpasse undervisninga.

Administrativt og økonomisk er det ei stor utfordring å ta imot nye elevar som kjem til ulike tider i eit skuleår. Desse har krav på å få eit skuletilbod innan 3 månadar og det er difor vanskeleg for lærarane med tanke på tilrettelegging og progresjon i gruppene når det stadig kjem nye elevar.

Teneste 21320 PPT - vaksenopplæring

1. Økonomi

21320 - PPT-VAKSENOPLÆRING

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>	83 <i>66</i>	58 <i>44</i>	150 <i>111</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	11	4	0
Overføringer til andre	0	1	0
Sum utgifter	94	63	151
Overføringer med krav til motytelse	-0	-1	-1
Sum inntekter	-0	-1	-1
Netto utgiftsramme	94	63	149
Sum løn i høve sum utgifter	88,0 %	91,9 %	99,8 %

Utgiftene for denne tenesta gjeld om lag 20 % sakshandsamarstilling, samt kostnader knytt til leiaroppgåver, opplæring og administrasjon/samarbeid generelt.

2. Aktivitet

PPT i Vaksenopplæringa er lovpålagt jmf. opplæringslova

45 klientar er knytt til PPT – vaksenopplæringa våren 2009. PPT-leiar har faste samarbeidsmøte med leiinga på vaksenopplæringa 2 g/årleg i samband med behov for sakkunnig vurdering og drøftingar av avdelinga sitt behov for PPT-bistand. PPT føretekk 3-5 sakkunnige vurderingar årleg i høve denne klientgruppa i tillegg til deltaking på utvalde ansvarsgruppermøte og rettleiing til lærarar ved behov.

3. Endring av aktivitetar

Arbeidet med klientane i vaksenopplæringa gjeld observasjonar, spesialpedagogisk oppfølging og ansvarsgruppermøte m.m. Nye og yngre klientar vert prioritert, samt der det trengs endring i opplegg og oppfølging. Det er eit ynskje at ein sakshandsamar hadde spesialisert seg på faglege utfordringar knytt til vaksne med opplæringsbehov.

Funksjon 215 Skulefritidstilbod

Denne funksjonen har 1 teneste;
21500 Skulefritidstilbod (SFO).

Teneste 21500 Skulefritidstilbod (SFO)

1. Økonomi

21500 - SKULEFRITIDSORDNING (SFO)

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 728	3 135	3 340
herav fast løn (konto 10100)	1 970	2 291	2 376
Varer og tenester til eigenproduksjon	189	208	186
Overføringar til andre	16	20	17
Sum utgifter	2 932	3 364	3 543
Salsinntekter	-1 484	-1 780	-1 766
Overføringer med krav til motytelse	-70	-153	-69
Sum inntekter	-1 554	-1 933	-1 834
Netto utgiftsramme	1 378	1 431	1 709
Sum løn i høve sum utgifter	93,0 %	93,2 %	94,3 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 1,4 mill. kr. som er ein auke frå 2007 på 3,8 %.

Budsjett for 2009 viser at tenesta har ein bruttokostnad på 3,5 mill. kr. og netto 1,7 mill. kr. Dette er ein auke i høve til 2008 på 0,3 mill. kr. og gjeld primært auka tal på brukarar. Inntektene gjeld i stor grad foreldrebetaling.

2. Aktivitet

Innhaldet i SFO tek utgangspunkt i borna sin trong for omsorg og leik som skal fremje sosial læring. I tillegg til kulturaktivitetar fysisk aktivitet, frileik, oppleving og undring knytt til natur- og uteområde ein viktig del av dagen.

Vedtekne satsar for SFO i Kvam:

Skulefritidsordninga	Pris 2008	Pris 2009
Pr veketime/månad SFO – fast plass	130,-	136,-
Kjøp av enkelttime	42,-	44,-
Kunden bestiller dagplass, og vert fakturert for opningstimar den aktuelle dagen		
Gebyr 10 månader pr år (juli/august fri, betaling heile juni)		

Matpengar kjem i tillegg.

Tabellen under viser nettokostnader fordelt på stad.

Stad	Stad (T)	Netto.utg. Rek 07	Netto.utg. Rek 08	Nettout g. 1T 09
1221	Ålvik skule	73	115	131
2222	Øystese barneskule	416	429	545
3221	Norheimsund barneskule	419	335	411
3224	Vikøy/Aksnes skule	49	90	164
3225	Tørvikbygd skule	87	108	148
4221	Strandebarm skule	101	178	166
4222	Oma skule	72	68	
4223	Mundheim oppvekstsenter	43		
4224	Innstranda skule	62	29	
8000	Fellesutgifter	55	71	73
99999	Div.	2	7	72
Totalt		1 378	1 431	1 709

3. Endring av aktivitetar

SFO er lovpålagt, men der er ikkje sagt noko om omfanget (lik kulturskulen). Teoretisk sett kan Kvam herad spare kr. 1,7 millionar på å endre SFO - tilbodet.

Innsparingar kan gjerast med t.d. å setje grense på minimum 12 elevar (mot 5 i dag) for å oppretthalda/starte opp tilbodet. Tilbodet kan også sentraliserast eller satsane kan aukast.

Frå august 2009 startar Steinsdalen skule opp (ikkje budsjettert) SFO då søkjarmassen no er 5 elevar. Dette medfører dermed auka nettoutgifter for denne tenesta som vert rapportert i 2. tertial.

Funksjon 222 Skulelokale

Denne funksjonen har 4 tenester;

22200 Drift og tilsyn av skulelokale

22202 Vedlikehold og ombygging av skulelokale

22203 Nybygg og utvikling av eksisterende skulelokale

22205 Reinhold av skulelokale.

Teneste 22200 Drift og tilsyn av skulelokale

1. Økonomi

22200 - DRIFT OG TILSYN AV SKULELOKALE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 677	1 668	3 565
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 163</i>	<i>1 143</i>	<i>2 581</i>
Varer og tenester til egenproduksjon	3 747	4 507	3 233
Tenester som erstattar eigenproduksjon	12	0	5
Overføringer til andre	799	743	717
Finansutgifter	2 029	1 931	5 713
Sum utgifter	8 264	8 849	13 232
Salsinntekter	0	-3	0
Overføringer med krav til motytelse	-831	-750	-770
Overføringer uten krav til motytelse	-55	0	0
Sum inntekter	-886	-753	-770
Netto utgiftsramme	7 378	8 095	12 462
Sum løn i høve sum utgifter	20,3 %	18,8 %	26,9 %

2. Aktivitet

Det vert vist til dokumentet om FDV.

Teneste 22202 Vedlikehold og ombygging av skulelokale

1. Økonomi

**22202 - VEDLIKEHALD OG OMBYGGING
AV SKULELOKALE**

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	332	592	395
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>244</i>	<i>440</i>	<i>284</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	309	187	1 224
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	14	0
Overføringar til andre	70	46	297
Finansutgifter	30	30	30
Sum utgifter	742	868	1 947
Overføringer med krav til motytelse	-81	-54	-1 249
Sum inntekter	-81	-54	-1 249
Netto utgiftsramme	660	815	698
Sum løn i høve sum utgifter	44,8 %	68,2 %	20,3 %

2. Aktivitet

Det vert vist til dokumentet om FDV.

Teneste 22203 Nybygg og utvikling av eksisterande skulelokale

1. Økonomi

**22203 - NYBYGG OG UTVIKLING AV
EKSISTERANDE SKULELOKALE**

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	193	293	247
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>141</i>	<i>192</i>	<i>185</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	80	121	50
Overføringar til andre	15	19	11
Finansutgifter	3 946	346	346
Sum utgifter	4 234	779	653
Overføringer med krav til motytelse	-15	-19	-11
Sum inntekter	-15	-19	-11
Netto utgiftsramme	4 219	760	642
Sum løn i høve sum utgifter	4,6 %	37,7 %	37,7 %

2. Aktivitet

Det vert vist til dokumentet om FDV.

Teneste 22205 Reinhold av skulelokale

1. Økonomi

22205 - REINHOLD AV SKULELOKALE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	5 576	6 056	6 763
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>3 543</i>	<i>3 899</i>	<i>4 629</i>
Varer og tenester til egenproduksjon	478	543	337
Overføringer til andre	100	113	71
Finansutgifter	0	0	0
Sum utgifter	6 154	6 712	7 171
Overføringer med krav til motytelse	-335	-434	-190
Sum inntekter	-335	-434	-190
Netto utgiftsramme	5 819	6 278	6 982
Sum løn i høve sum utgifter	90,6 %	90,2 %	94,3 %

2. Aktivitet

Det vert vist til dokumentet om FDV.

Funksjon 223 Skuleskyss

Denne funksjonen har 1 teneste;
22300 Skuleskyss.

Teneste 22300 Skuleskyss

1. Økonomi

22300 - SKULESKYSS

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	1 588	2 150
Overføringer til andre	0	125	172
Sum utgifter	0	1 714	2 322
Overføringer med krav til motytelse	0	-125	-172
Sum inntekter	0	-125	-172
Netto utgiftsramme	0	1 588	2 150
Sum løn i høve sum utgifter	#DIV/0!	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viste at skuleskyssen kosta heradet 1,6 mill. kr. i 2008. Samanlikna med 2007 er dette ein marginal reduksjon (sjå tabell side 2 - teneste 22210). Tenesta endra frå 2008 nummer frå 22210 Skuleskyss til 22300 Skuleskyss.

Budsjett for 2009 viser at tenesta har ei nettoramme på 2,15 mill. kr. Dette er ein auke i høve til rekneskapen for 2008 på 0,6 mill. kr. og gjeld auka skyss grunna endringa i skulestrukturen.

2. Aktivitet

I hovudsak er skuleskyss gitt til elevar som har rett på det etter lov og føresegn. Alle skulane i Kvam har noko skuleskyss. Den største i 2008 var Strandebarm skule. Dette vil verta endra i 2009.

3. Endring av aktivitetar

Endringar i skulestrukturen medførte auka utgifter til skuleskyss hausten 2009, også til elevar som ikkje formelt har rett på skyss.

Funksjon 383 Musikk- og kulturskular

Denne funksjonen har 1 teneste.
38300 Kvam kulturskule.

KOSTRA - samanlikning 2008

Kommunale kultur- og musikkskular - nivå 2	Kvam	Grupper. 11	Gj.snitt landet
Netto driftsutgifter til formålet, per innbyggjar	506	213	288
Del elevar i grunnskulealder i kommunens kultur- og musikkskule, av tal born i alderen 6-15 år	31,5	14,5	19,9

Teneste 38300 Kvam kulturskule

1. Økonomi

38300 - KVAM KULTURSKULE

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	4 674	5 203	6 236
herav fast løn (konto 10100)	3 226	3 867	4 334
Varer og tenester til eigenproduksjon	441	679	384
Tenester som erstattar eigenproduksjon	11	58	38
Overføringar til andre	42	82	35
Sum utgifter	5 167	6 023	6 693
Salsinntekter	-1 347	-1 543	-1 200
Overføringer med krav til motytelse	-220	-234	-130
Overføringer uten krav til motytelse	-25	-27	0
Finansinntekter	-106	0	0
Sum inntekter	-1 699	-1 804	-1 330
Netto utgiftsramme	3 468	4 219	5 363
Sum løn i høve sum utgifter	90,5 %	86,4 %	93,2 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift for heradet på 4,2 mill. kr. Dette er ein auke i høve til 2007 på 0,75 mill. kr. (21,7 %).

Budsjett 2009 viser at tenesta har ein bruttokostnad på 6,7 mill. kr. og netto 5,4 mill. kr. Dette er ein auke i høve til 2008 på 0,6 mill. kr. og gjeld auka elevmasse samt auka administrasjonsressurs jmf. storleiken på skulen.

Elevkontingent: kr. 2.500,- pr. år (gjennomsnittet i Hordaland: kr. 2.009,- gjennomsnittet i Hardanger utanom Kvam kr. 1503,-).

Sal av tenester i kulturskulen kostar no kr. 14 600,- pr. årstime for friviljuge lag og organisasjonar, dvs. kr. 384,- pr. undervisningstime. Her er Kvam kulturskule av dei dyraste i Hordaland (i Bergen kulturskule kostar sal av tenester kr. 9 600,-).

Kvam kulturskule har ikkje syskenmoderasjon eller friplassar.

2. Aktivitet

Kvam kulturskule (KK) har ordinær kulturskuleundervisning for om lag 530 elevar. I tillegg sel dei tenester til friviljuge organisasjonar (kor og korps) med ein medlemsmasse på om lag 300. I tillegg til dette sel KK kulturelle aktivitetar til Den Kulturelle Skulesekken (DKS). For DKS er det svært viktig for kvaliteten og breidda på det kulturelle tilbodet i kvammaskulen at KK har denne kompetansen.

KK administrerer frå 2009 også Ungdomens Kulturmønstring (UKM) samt LAN (treff for datainteressert ungdom).

Dei fleste kommunar har no kulturskuletilbod til **alle**. Kvam tilbyr enno berre til dei som er under 20 år. KK har jamleg førespurnad frå kvenningar etter tilbod til vaksne.

3. Endring av aktivitetar

Elevmassen i KK har enno ikkje stabilisert seg og er enno vaksande. Det er vanskeleg å få tak i lærarkrefter i disiplinane jazzdans, nysirkus og korpsdireksjon.

Kulturskuledrift er lovpålagt, men der er ikkje sagt noko om omfanget (lik SFO). Teoretisk sett kan Kvam herad spare kr. 4 millionar på å kutte i kulturskuletilbodet.

Der er ytra ynskjer frå m.a. PPT om å ha ein musikkterapeut i heradet. I praksis er noko av drifta ved kulturskulen for elevar som krev særskild tilrettelegging (med ordinære lærarar) samt tilsvarande på vaksenopplæringa. Ein musikkterapeut ville kunne sikre kvaliteten, variasjonen og kompetansen på dette området.